


Kyrkjelydshånd for Arna



NR. 8.

OKTOBER 1984


17. ÅRG.

Aksjon Amnesty 1984

DIN INNSATS - ANDRES FRIHET

Søndag 28. oktober er den store inn-samlingsdagen til Amnesty Internatio-nal sitt arbeid.

Til s.14



Lise-Ingeleiv Grunnaleite er ein av elevane ved Menighetsseminaret i Bergen. Det har i år 14 elevar og dei får undervisning i Bergen sentrum, medan elevane bur i kvar sin kyrkje-lyd. Det er ei 1. årig utdannung til menighetssekretær, og i under-visningsopplegget er det sett av mykje tid til praksis (20 timer i veka).

Framhald s. 2

POSTGIROBLANKETT:

**HØYREANLEGG I YTRE ARNA
KYRKJELYDSHUS I ARNA**

Spør etter de gamle stier

I Jerm. 6.16 står det slik:

Så sa Herren: Still dere på veiene og se! Spør etter de gamle stiene, etter veien til det gode! Gå på den så finner dere hvile».

Høres ikke dette gammeldags ut? Spørre etter de gamle stier — er det noe for moderne mennesker? La oss se oss omkring. Det synes som om opplosning, vold og allslags elendighet bare øker og øker. Men ikke grunnen er at vi har forlatt «veien til det gode?» Vi har vendt Gud ryggen.

I slutten av det vers vi begynte med, står det: «Men de svarte: Vi vil ikke gå der». Gjennom hele boken fremholder profeten Jeremias for folket at de selv har valget mellom å stille seg under Guds nåde

eller Guds dom. De valgte det siste og måtte ta følgene. Hva med oss idag? Også vi står fritt til å velge. Velger du nåden eller dommen?

Vi vet at Guds nåde er uendelig stor. Nettopp derfor drøyer Gud så lenge før Han lar dommen ramme oss. I det lengste gir Han oss sjansen til å vende om. Men om Hans nåde er stor, er den ikke uten grenser. Fortsetter vi å si: «Vi vil ikke», vil en dag Hans dom uvegerlig ramme oss.

La oss derfor følge oppfordringen i dette verset:

Søk etter de gamle stiene — etter veien til det gode og gå på den så skal dere finne hvile. Denne veien finner vi i Guds Ord.

R. Rein

forts. fra s.1...
Kyrkjelydselev.....

Lise-Ingeleiv bur i Ytre Arna og skal ha praksis her i kyrkjelyden.

Me vil vita kvar i landet ho er ifrå.

— Eg kjem frå Skjold, tre mil frå Haugesund. Alder 20 år.

— Kan du seia litt om undervisninga ved seminaret?

— Me har undervisning tre dagar i veka. Hovudfaga er Gamle testamentet og Det nye testamentet, truslære og menighetsorganisering.

Har du vore med i kyrkjelydsarbeid tidlegare?

— I Skjold har eg vore med i barne og ungsmarsarbeidet og seinare som leiar. Før eg kom hit var eg «eittåring» i Fyresdal i Telemark.

— Kva oppgåve har du her i kyrkjelyden?

— To dagar i veka er sett av til praksis og då skal eg vere med i skulelaget, aktivitetsklubben og eldretreff. Men utanom det vert det mange ulike oppgåver — kanskje litt med kyrkjelydsbladet også?

Det var med spenning eg kom til Ytre Arna, og eg trur ikkje det er utan grunn at eg er her. Om det har eg eit lite dikt/bøn:

«Kall» lyder høytidlig.
Gud,
Takk for at det betyr
noe så enkelt som
at du spør etter oss
fordi vi trengs i
din vingård.

Og vi ynskjer henne velkommen hit og vonar ho vil få ei fin tid i Ytre Arna.

Innsamling til høyreanlegg i Ytre Arna kyrkje

Endeleg er høyreanlegget kome på plass! Det vart innstallert på dugnad 15.9. og dermed skulle høyretihøva vera gode for alle i kyrkja.

Det er installert teleslynge slik at alle som har høyreapparat kan skru på apparatet sitt slik at det verkar på teleslynga. For dei som høyrer tungt, men ikkje har høyreapparat, er det høyrestavar å finna bak i kyrkja som ein kan ta med seg dit ein skal sitja.

Alle vil sjølv sagt også ha nytte av novudhøgtalaren framme i koret, og våpenhuset og dåpssakrestiet har også fått ein liten høgtalar.

Det er ein konsulent som kommunen har engasjert som har teke ut anlegget, så dei tekniske sidene ved anlegget skulle difor vera i orden. Soknerådet har teke på seg å forsoktera det anlegget kostar. Bergen kommune har sagt at dei vil få høyreanlegg i alle kyrkjene, men i den prioritiseringsplanen som vart sett opp, stod Ytre Arna kyrkje på 17. plass. No har nokre kyrkjer fått anlegg, men framleis er det langt fram før det vil kunna verta kommunale midlar til anlegg i Ytre Arna. Den vanskelege budsjett-situasjonen i kommunen kan også stoppa alle løvingar til høyreanlegg.

Sidan det er heilt uviss når ein kan få pengar - og om ein får - har soknerådet gjort vedtak om å samla inn til det anlegget kostar. Frå soknerådet i samråd med kommunen tok opp dette for fleire år sidan og til no, har det kome inn litt over kr. 16.000,-. Vi har enno ikkje heilt oversyn over kostnadene, men truleg treng vi framleis 7-8000 for å kunna betala rekninga for anlegget. Når vi no legg ved ein postgiroblankett i bladet denne gongen, vonar vi folk i Ytre Arna vil vera med og støtta dette. Soknerådet sin kasse er nesten tom - og det er ikkje pengar til å betala heile rekninga med.

Dei som høyrer tungt vil utan tvil få glede av anlegget. Høyretihøva var mest vanskelege når presten stod i kordøra i kyrkja. Difor var det også ved

gravferder at fleire sa dei hørde lite eller inkje av det som vart sagt. Og det var etter oppmoding frå mange eldre i Ytre Arna at soknerådet gjekk inn for dette. No vonar vi også å få pengar nok til å betala anlegget. Om ein ein gong i framtida likevel vil få nokre pengar frå kommunen, vil soknerådet syta for å bruka dei pengane til beste for arbeidet i kyrkjelyden. Og skulle denne innsamlinga gje meir enn dei 7-8000 ein treng til høyreanlegget, har soknerådet fleire oppgåver ein treng pengar til. (Pianoet i kyrkja, menighetselev m.a.)

Sokneprest Ingvard Hageberg

vert talar på den årlege haustfesten i Arna kyrkjelyd søndag den 28. oktober. Festen vert kunngjort nærmare i avisene.

Takk til Eva Kleiveland

Det er fleire som har vore med å utstyre dåpssakrestiet i Arnakyrkja. Denne gongen vil vi spesielt rette ei takk til Eva Kleiveland som bor på Arna helseheim. Ho har vore ein fin lopar til bordet i dåpssakrestiet. Vi takker for den fine gåva. Her har vi eit bilete av henne ved vevstolen. Den i arbeidsstova på Helseheimen.



Vi tener Herren!

I Bibelen står det at vi skal tena Herren av heile hjarta vårt. Når vi trur på Jesus, vil dette syna seg i måten vi er saman med venene våre. Gud tvingar oss aldri til å gjera det Han vil. Han ønskjer at vi sjølve skal velja det gode.

Her ser du biletet av mange born, og dei er opptekne av mange ulike ting. Kven vel det gode? Finn ut kva for ei setning som passar på dei ulike biletene, og set ein ring rundt dei borna som viser ein måte å tena Herren på.

EG TENER HERREN:

- når eg hjelper
- når eg dytta andre for å verta først
- når eg let venen min få det finaste
- når eg tek ting andre eig
- når eg seier: Dette er mitt, ikkje rør
- når eg let som eg ikkje høyrer
- når eg gjev pengar til arbeidet i Guds rike
- når eg gjer pliktene mine heime.



Tru og liv

Trua er først og fremst eit møte med Jesus. Alt det andre: bibel, vedkjenning, gudstenester, teologi.... er egentleg hjelpemiddel for å få i stand dette møtet. Den inste sanninga i trua er at når Jesus kjem oss i møte, er det Gud vi møter.

frå «Ktisten tru i dag»

Til alle 4-åringar i Ytre Arna

Alle born som er fødde i 1980 og bur i Ytre Arna skal no ha fått Mi kyrkje-bok. Om ikkje du har fått boka, er det fordi vi ikkje har adressa di. Då kan du ta kontakt med prestekontoret tlf. 24 85 46 så vil du også få den fine boka.

Misjonsglint frå Sør-Amerika:

Slumguten Alberto vart funnen att

Ei ulukkeleg storesyster var det som kom til bibeltimen i Gayaquil-slummen. Broren på seks år hadde forsvunne. Misjonæren hadde førebudd bibeltime om bøn, og alle ba for guten, nokre med sterk tillit til Gud, andre med fortvila uvisse.

Alberto var ikkje attende neste dag. Han vart etterlyst i radio, TV og aviser. Kriminalpolitiet vart kobla inn, men utan noko resultat. Da dagane gjekk, frykta mange meir og meir ei ny skrekkhistorie om røvarbandar som kidnappar born og lemlestnar dei for å gjera dei til tiggjarar for seg.

Misionæren kørde og gjekk langs etter gatene, spurde og leitte. Ho kjenne seg ikkje sterkt og sikker, men visste berre at Gud hadde gjeve lovnader til dei som ber. På ein barneheim fann ho Alberto, og det vart reinaste triumftoget i glede heimetter gjennom slummen. Alle visste om guten som hadde vorte borte, men det var ei ny oppleiving at nokon brydde seg så mykje om å finna att ein liten gut frå slummen. Dette er misjon i praksis, omsut for eit einskild menneske.

Historia er henta frå arbeidet Santalmisjonen har i Ecuador, Sør-Amerika. Norsk misjon retta for alvor auga sine mot dette kontinentet i slutten av 60-

åra. Nå arbeider ca. 80 norske misjonærar frå Santalmisjonen, Misjons-sambandet, Misjonsalliansen og Misjonsselskapet i landa Ecuador, Peru, Bolivia og Brasil.

Misionærane er særleg opptekne med å bringa evangeliet til quetchua-indianarane, som er etterkommarar etter dei stolte inka-ane i Sør-Amerika. Sidan europearane erobra landet på 1500-talet, har dei vore sett ned på og plasserte lågast på samfunnsstigen.


Sør-Amerika er katolsk. Men folk sine religiøse tankar er blanda opp med tidlegare heidenske førestillingar. Misjonærane er ikkje komne for å gjera katolikkane til lutheranarar. Dei vil vitna om Jesus Kristus og føra menneske til tru på han. Mange katolske kyrkjeleiarar skjøner dette og lagar ikkje vanskar for evangelisk misjon, medan andre går inn i aktiv motstand.

Norsk misjon har ikkje arbeidt lenge i Sør-Amerika, men mange har her og oppdaga at Jesus Frelsaren bryr seg og leitar etter akkurat dei. Slik vert nye kristenflokkar danna, anten det er i slummen i hamnebyen Gayaquil, eller attmed Titicacasjøen oppe i fjella.

Eit fyrtårn er til for å verta sett

— Eg gjev ikkje mykje for kristendomen din, dersom han ikkje vert sett. Lamper snakkar ikkje, dei lyser. Eit fyrtårn slår ikkje på trommer og lagar ikkje støy, og likevel, det venlege ljuset frå det fer over vatnet og vegleier sjømannen. Lat derfor handlingane lysa, seier ein gammal kristen vismann.

Er det ljós som pregar livet ditt? Har du fått noko av Han som kallar seg ljoset? For det er vel ljós vi treng, meir enn svar på alle slags spørsmål.



Bots- og bededag har lange tradisjoner

Noen dager i kirkeåret kjenner vi navnet på, men ikke så mye bakgrunnen for. Bots- og bededag er en av disse. I dag fører bededagen en mer stillferdig, men likevel viktig tilværelse i kirkens liv. Den skal minne oss om å søke Gud.

Bots- og bededag har lange tradisjoner. Helt tilbake i oldtiden var det skikk at de kristne kom sammen til takkefester ved lykkelige hendelser og at de samlet seg til spesielle bønnegudstjenester når farer truet. Særlig var de reddet når pest og sykdom raste rundt dem.

Også i Norden var det tidlig kristne botsdager eller gangdager som de også ble kalt. Folk gikk i prosesjon med kors rundt åker og eng for å be om velsignelse over folk, fe og mark. En årlig bededag ble innført i Den norske kirke i 1686. I vår tid feires denne dagen på siste søndagen i oktober.

Bibelen er full av oppfordringer til å be alltid, og meningen med bots- og bededag er selvsagt ikke at dette er eneste dag for bønn. Bededagens oppgave er å holde gudsdimensjonen levende i vårt folk og minne oss om å søke Gud mens han er å finne. Dette har prester i kirken sagt ved forskjellige anledninger om bots- og bededag:

Biskop Thor With, Bjørgvin: I vår tid trenger vi mer enn tidligere å ta oss tid til ranskakelse for Guds ansikt om vi lever rett for Ham. En god bots- og bededag gir en dypere synderkjennelse og en større bønneglede.

Res.kap. Bent Reidar Eriksen, Tønsberg: Det er mye kristen aktivitet her i landet, men vi opplever samtidig en stor avkristning. Hva er de kristnes ansvar i dette? Det bør vi tenke over på bededagen.

Sokneprest Steinar Solbakken, Kolbu: Bots- og bededag kaller meg til hellig alvor innfor en hellig Gud. Det er ikke selvsagt at jeg er en kristen. Det skyldes bare Guds nåde i Jesus Kristus.

Skofabrikk i åndehus

På Filippinane har misjonær Trygve Bjørkås i Misjonsalliansen startet skofabrikk for å gi arbeidsløse skomakere et levebrød. Fabrikken ligger i et hus som ingen buddhister ville kjøpe fordi de trodde det bodde ånder der. Bjørkås opnår imidlertid stor suksess med skoproduksjonen i åndehuset, og hver uke blir 1.500 par sko solgt videre til supermarkeder i Manilla. Sofabrikken er en del av den diakonale virksomheten Misjonsalliansen driver blant slumbefolkningen på Filippinene.



Stor søkering til misjonsskolene

Misionsskolene opplever nå stor økning. Ved misjonshøgskolen i Stavanger som eies av Misjonsselskapet, begynte i høst 40 nye studenter. 18 tar teologi, mens 22 som allerede har en yrkesutdanning, tar et ett-årig kurs om kristendom og misjon. Fjellhaug Misjonsskole i Oslo har i høst tatt opp 32 studenter på ett-årig misjonsskole for ungdom med yrkesutdannelse. Fjellhaug eies av Misjonssambandet og tar opp teologistudenter bare annenhvert år.

Glimt frå kyrkjelydsturen


Søndag 2. sept. reiste ca. 90 frå kyrkjelydane i Arna på tur til Seim i Lindås og Lygra. Første stopp var kyrkja på Seim der res.kap. Helge Hitland hadde gudstenesta. Han var godt kjend for mange frå hans tid som prest i Arna. Seinare vart det mellom anna omvisning på Håkonshaugen og tur til Lygra kyrkje. Mellom dette vart det sjølv sagt tid til ein god matpause i Seim bedehus med ulike aktivitetar.



— Nokre likte å ga litt



Tidlegare ordførar Åsmund Skår orienterte om Håkonshaugen og Seimsbygda.



— medan andre synest det var fint å sitja på ryggen.



og deltakarane lyttet interesserte til



Litt aktivitetar var det også i matpausen — og tautrekking vart populær både mellom unge og eldre.



Familieside

DØYPT

Arna Sokn:

19.08: Linn Marion Skjerve. Døypt i Voss kyrkje.
09.09: Tonje Hemre Sætre, Silje Hemre Sætre, Bjarte Garnes, Jørgen Åsheim.
16.09: Morten Knudsen, Ingvild Garnes og Camilla Rosendahl.

Ytre Arna Sokn:

09.09: May-Helen Bergetun og Rannveig Aasgard.

VIGDE

Arna Sokn:

08.09: Inge Rolf Haldorsen og Tone Lægreid.

NYTT FRÅ SOKNERÅDA

Ytre Arna

Menighetselev. Ytre Arna kyrkjelyd har dette året ein elev frå Menighetsseminaret som skal ha praksis i kyrkjelyden. Dette kom i stand i ferietida, då det hadde meldt seg så mange sokjarar til seminaret.

Menighetsseminaret sin økonomi er bygd opp slik at dei kyrkjelydane som har elev må betala ei avgift til seminaret. For Ytre Arna vil det kosta noko over kr. 10.000 for dette året. Men så vil også kyrkjelyden få glede av eleven sin arbeidsinnsats gjennom skuleåret. Pengane til dette har ikkje soknerådet enno, men vil seinare finna fram til måtar å finansiera det på.

Arna

Den gamle prestegarden. Soknerådet har fått spørsmål om å uttala seg om

DØDE

Arna Sokn:

15.08: Sverre Meland, f. 1906.
22.08: Helga N. Haaland, f. 1905.

Ytre Arna Sokn:

19.07: Bernt Johan Gaupholm, f. 1905.
31.08: Sverre Hansen, f. 1920.
31.08: Johannes Ytrearne, f. 1894.

OFRINGANE I KYRKJELYDANE:

Arna:

26.08: Bjørgvin Stiftssenter .. kr. 982,-
02.09: IKO kr. 884,-
09.09: Kyrkjelydsarbeidet .. kr. 1517,-
16.09: Kyrkjelydsarbeidet .. kr. 2.302,-

Ytre Arna:

16.09: Kyrkjelydsarbeidet .. kr. 1.182,-

kva som skal gjerast. Dei framlegg som har vore på tale er sal av eigedomen, vøling av huset eller nybygg på tomta. På soknerådmøtet kom det fram eit sterkt ønske om ny prestebustad på den gamle prestegarden. Det er Kyrkje- og Undervisningsdepartementet som rår over eigedommen

Kyrkjelydsbladet på kasett

Vi minner om ordninga med at blinde og svaksynte kan få Kyrkjelydsbladet på kasett. Kvart nummer vert lese inn og sendt ut til dei som har bede om dette. Er det nokon som ikkje veit om dette og gjerne vil ha bladet på lydkasset, vil vi gjerne ha melding om det.

Kontakt eit av Kyrkjekontora i telefon 24 04 00 eller 24 85 46. Det vil ikkje kosta noko ekstra.

Presten har ordet

Øyvind Øy



Kjære foreldre!

Eg vender meg denne gongen til dykk som har bore born til dåpen og som ennå har dei heime hjå dykk. Borna stiller store krav til oss og det er ikkje så lett å oppfylle dei. Noko av det vanskelegaste er å hjelpe dei fram til ei medveten kristen tru. De er ikkje åleine om å hjelpe dei til tru på Jesus. Vi er mange som står saman for å kunne hjelpe dei, men vi ser at det er så avgjerande at de som er foreldre aktivt viser at de vil hjelpe dei, så trua deira kan vekse og utvikle seg.

Vi har snakka med mange av dykk når vi har hatt dåppssamtale og vi merkar eit klart ønske om at borna skal vekse opp i kristen tru. Det er viktig at dette vert fylgt opp i praksis. Denne gongen vil eg minne dykk om noko som de alle er merksame på, men som like vel lett vert gløymt: Hjelp borna til å komme på søndagsskule. Vi har mange søndagsskular rundt i kyrkjelyden og vegen er ikkje så lang for dei fleste. Ein del born går av seg sjølv, men dei fleste må motiverast for å vere med, i alle fall når dei vert litt eldre. Eg vil og minne om kvar søndag er det søndagsskule i gudstenestetida i Borgstova ved sida av kyrkja, for dei som ønskjer å ta borna med til kyrkje.

Vi har nett hatt søndagsskulens dag, og vi ønskjer at søndagsskulen skal ha ein sentral plass i kyrkjelyden vår. Vi har mange søndagsskulearbeidarar som gjer ein fin innsats. Ta imot den hjelpe dei gjer til å halde lovnaden ved døypefonten om oppseding i kristen forsaking og tru.

MØTE

Betania, Lone:

- 7/10 : Santalmisjonen.
Talar Kåre Hegle.
9/10 : Kveldsbibelskule.
14/10 : Arr. Indremisjonen.
21/10 : Det norske misjonsselskap.
Møte kl. 19.30.
25/10 : Det norske misjonsselskap.
Basar kl. 19.30.
27/10 : Muhammedaner-
28/10 : misjonen
6/10 : Norsk Lutherisk
11/11 : Misjonssamband.
Offerveke. Misjonær Ole Kirkengen vert med.

Arne bedehus:

- 14/10 : Familiecaffi kl. 16.30.
16/10 : Indremisjonen har
21/10 : møteveke. Talar Audun Myksvoll. Song og musikk på møta.
20/10 : Lagskveld
28/10 : Haustfest. Arr. Soknerådet.
1/11 : Eldresamvær kl. 17.00
4/11 : Den norske sjømannsmisjon har basar.
8/11 : Bibeltine ved rektor K.J. Halleråker.

Ytre Arna bedehus:

- 17/10 : Santalmisjonen har basar kl. 19.00.

Himmelen

To slags menneske skjønar eg, dei som kjenner det himmelske heimlandet og gler seg til det, og dei som ikkje kjenner det og derfor sökjer det. Men eit slags skjønar eg ikkje: Dei som ikkje kjenner det og som ikkje sökjer det.

Blaise Pascal

Kyrkjelydstreff

Søndag 21. oktober vert det Kyrkjelydstreff i Arna Bedehus. Sjukehusprest Ottar Reinertsen talar over emnet: «Kyrkjelyden som omsorgsfellesskap»

Ta med litt mat på eit fat. Drikke vert servert.
Møtet tek til kl. 19.30.

To slags tvil

Ein prest og ein filosof sat saman. Filosofen uttala tvil på Gud i skarpe vendingar. Presten sat stille ei stund, men sa så: «Denne suppa er herleg!» «Jau, ho er glimrande», sa filosofen. «Trur du på kokken?» spurde presten. Han fekk ikkje noko svar.

Mange menneske tvilar på Gud. Eg kan ikkje tru at Gud er allmektig. Det er umogeleg at Jesus vart fødd av ei jomfru og sto opp frå grava. Tvilen skapar så mange spørsmål.

Det er ikkje berre ikkje-truande som tvilar. Personlege kristne er og velkjende med tvilen.

Egentleg er det to typar tvil. Ein klok mann har samanlikna tvilen med ein stige som ein anten klatrar oppover eller nedover på. Eitt menneske tvilar for til slutt å koma ned i fortviling. Eit anna tvilar for frå tvilen å koma fram til tru. Det viktigaste er altså kva vi gjer med tvilen vår, kor vi går med han.

For nokre tvilarar er tvilen svært kjærkomen. Grubleria er noko dei kan gjera seg interessante med og som dei ikkje vil verta av med. Kan hende anar dei at ein ærleg tvil kunne føra dei fram til tru på Kristus og gje dei eit lite hyggeleg oppgjér med deira egosentriske eg. At det dessutan ville opna døra inn til eit fantastisk rikt liv, er ukjend for dei.

Andre tvilarar ønskjer å verta kvitt skepsisen kosta kva det kosta vil. Derfor går dei til Jesus med uvissa, vedkjenner seg tvilen og ber om hjelp.


Det er slik Jesus ønskjer det. Han krev ikkje at vi skal ha dei rette meiningsane om alt, men vi kan koma til han med nauda vår. Ei slik innstilling er eigentleg tru, og med denne kan vi leva heile livet sjølv om tvilen skulle plaga oss.

Kva for ein veg klatrar du på stigen med tvilen din?

Sjukepleiestudentar med praksis i kyrkjelydane

I tida 17.-30. september har 4 studentar frå sjukepleiehøgskulen på Haraldsplass vore og hatt praksis i kyrkjelydane i Arna. 2 i Ytre Arna og 2 i Arna sokn. Kontaktpersonar for dei

har vore Aslaug Hanstveit og Ragnhild Rein. Dei har vore med på ulike aktivitetar i kyrkjelydane mellom unge og eldre og også gått på besøk til eldre.



Lise Rasmussen og Randi Midtun i Arna sokn.



Rita Breiteig og Ane Stenseth i Ytre Arna.

Sjømannsmisjonsforening er 100 år

Ytre Arna sjømannsmisjonsforeninga kan denne hausten halda 100-års jubileum. I 1884 vart foreninga stifta, og det var lærar Natås og presten Marstrander som var initiativtakarane.

Arbeidet har halde fram til no, og jubileet vert den 28. oktober. Då kjem generalsekretæren i Sjømannsmisjonen på besøk. Halfdan Bondevik har sjølv vore sjømannsprest i mange år før han vart heimesekretær og no generalsekretær i organisasjonen.

Han vert med ved gudstenesta i Ytre Arna kyrkje om føremiddagen og på festen i Ytre Arna bedehus om kvelden. På gudstenesta vert det offer til Sjømannsmisjonen og det vert innsamling av julepakker til sjøfolk. Etter gudstenesta vert det også kyrkjekaffi der han vert med.

Det er ein trufast flokk av kvinner som har halde arbeidet oppe. Om gjennomsnittsalderen i foreninga er høg, er ikkje iveren og innsatsviljen borte. På biletet ser vi medlemmane i foreninga sitja saman for å drøfta opplegg for jubileet. Til jubileumsfesten vil dei invitera ein del frå foreningslivet i Ytre Arna og alle andre som yn-

skjer å vera med, må melda seg på til Dagmar Andersen, tlf.: 24 11 13 eller Ingeborg Stokke tlf.: 24 83 61 innan 20.10.

Julepakkar til sjøfolk

Den Norske Sjømannsmisjon har også i år sendt ut oppmodning om å gje julepakker til sjøfolk. Det viser seg at dette er ein tradisjon som sjøfolk set stor pris på. Desse pakkane er med å spreia glede og varme på norske skip og sjømannskyrkjer over heile verda på julekvelden. Det er ikkje «tingen» i pakken som er det avgjerande, men brevet frå ein ukjent ven ein stad i Noreg. I fjar kom det inn vel 6000 pakkar, men det er berre om lag halvparten av det som trengs.

Tida for å senda ut pakkar er inne, og om ikkje mange skal verta skuffa dette året også, treng dei pakkane snart.

Når det gjeld «tingen» i pakkane kan jo den einskilde bruka sin fantasi, men ein liten ting til pynt på lugaren, ei bok, eller brevpapir kan vera nemnt for å setja tankane i sving. Brevet er det viktigaste.

I Ytre Arna vil det verta innsamling av pakkar ved gudstenesta 28.10. Kyrkjekontora i Indre og Ytre Arna vil også kunna ta imot pakkar og levera dei vidare.




Foran f.v. sitt.: Ingeborg Stokke, Dagmar Andersen, Kristina Presthus. Bak stående: Greta Rolland, Solveig Åsheim, Agnes Mehle, Martha Vangnes, Maria Fjellanger og Ingeborg Fotland.

Midt i ordflommen:

Vi bruker få ord som formidler ekte omsorg og interesse

Når vi snakker med andre mennesker, går vi et lite stykke av livsveien sammen med dem. Våre ord må derfor være en passe blanding av trygghet og utfordring, mener sykehusprest Anders Bergem.

Ordene er det viktigste instrument vi mennesker har fått til å ha kontakt med hverandre. Vårt samfunn i dag er ikke fattig på ord. Massemediene bombarde oss hver dag. Men kanskje er det for få ord som formidler. Ekte omsorg og interesse.



— Våre ord skaper følelser hos andre, sier Anders Bergem. — Til tross for alle ulikheter er vi menneskereldig like i våre følelser. Vi har alle behov for varm omsorg, og gode ord skaper et godt selvtilbilde hos oss. De gjør det lettere å møte andre på samme måten. Omvendt vil ord som lager avstand og vonde følelser, bekrefte den følelsen mange av oss går med innerst inne, at vi ikke betyr noe særlig. Vonde ord svekker derfor lett andres selvtilbilde og livsmot.

— Jeg tror det er viktig at vi tenker igjennom hva vi vil bruke en samtale til. Ønsker vi en lett samtale om vær og vind, så har dette også en plass i det menneskelige fellesskap. Men stiller vi litt dypere spørsmål, må vi også være villige til å følge med inn i andres

tanker og følelser og ta imot de svar de gir oss. Mange spør f.eks. hvordan det står til uten å mene noe med det. Men får et menneske stadig dette spørsmålet uten at det betyr noe, da blir det vondt.

— Hva er en god samtale?

— Det er vanskelig å gi et helt klart svar, men generelt kan vi si at en god samtale er en passe blanding av trygghet og utfordring. De gode ordene som virkelig kommer fra hjertet, skal vi være rause med. Må vi komme med negativ kritikk, så skal også den ha bakgrunn i at vi har omsorg for andre, sier Anders Bergem, som har skrevet en liten bok om dette emnet, «Mer enn ord» på Lunde Forlag.

Kjære venner i menigheten!

«Jeg (Evy) vil bare på denne enkle måten bruke det skrevne ord, og benytte anledningen til å takke alle dere i Arna menighet som jeg har fått lov til å bli kjent med i løpet av de to årene jeg har vært hos dere.

Ganske sikkert er det at jeg ikke er den samme som da jeg kom, takket være dere som jeg fikk komme nærmere. Jeg fikk lære mye om livet, mennesker, meg selv og Han som er selve livet. Det har vært to av de beste og rikeste år jeg har hatt, både i motgang og medgang.

Men jeg forlot dere allikevel ikke med et tungt hjerte 25. juni, for: «if we do not meet again, we'll meet again in Glory».

Blir svært glad hvis noen sender noen ord. So long....»

Evy Bjerga
Tverrfåtv. 8
4000 Stavanger

Vigslingshøgtid for Betania



Søndag 16.9. var det vigslingshøgtid på bedehuset Betania på Lone.

Nær 300 var med på denne samlingen, og huset var fyldt til siste plass både i møtesalen og i kjellaren. Festen vart leia av formannen i Haukeland Indremisjon, og vigslinge vart leia av prost Rolf Onarheim som også er formann i Nordhordland Indremisjon.

Ellers deltok mange fra det lokale foreningslivet. Under vigslingshandlinga var det skiftlesing ved Ingrid Hope, Inge Mæstad, Ingunn Mæstad, Rune Nordanger og Alfred Kvalvåg. Lone skulekorps spela og musikkoret i Betania song, for å nemna nokre.

Det var eit stort program, og folk kunne også glede seg over å sjå kor fint og tenleg huset no hadde vorte. I offer kom det inn kr. 23.800. Her ser me nokre glimt frå samlinga.

Her ser me dei som var i sving på det nye, fine kjøkkenet. Dei hadde nok ein stri tørn for å laga til den fine serveringa, men det ser likevel ut til at humøret var på topp.

Framhald frå s. 1

Det er den årlige TV-innsamlingen som i år går til dette formålet, og vi utfordres til å være med å hjelpe samvittighetsfanger over hele verden. Amnesty International arbeider for å finne frem til og hjelpe personer som utsettes for krenkelser av menneskerettighetene. Blant disse er det mange som er fengslet for sin politiske overbevisning og sin tro. Pengene som kommer inn under denne aksjonen vil bli brukt til

1. Øke den økonomiske bistand til samvittighetsfangene og deres familiær både innen individuell støtte til livsforhender, juridisk assistanse og medisiner, og gjennom rehabiliteringsprogrammer for løslatte fanger.

2. Styrke undersøkelses- og reaksjonsmulighetene når alvorlige overgrep mot menneskerettighetene stiller organisasjonen overfor krav om raske og omfattende undersøkelser og aksjoner.

3. Styrke tilbuddet om medisinsk hjelp til de mennesker som har lidt skade gjennom tortur og andre former for vold. Støtten skal gis både gjennom prosjekter og til enkeltpersoner.

Vi blir i tiden frem til aksjonen sikert mer kjent med Amnesty Internationals arbeid. De gjør en stor og viktig oppgave for fengslede og torturerte mennesker over hele verden. Og vi vet også at arbeidet nyttar, både med å få løslatt samvittighetsfanger og gi dem visshet for at andre arbeider for deres sak.

Når de kommer rundt med bøssene 28.10. kan du også være med og hjelpe.

Det er også kommet forespørsel til menighetsrådene om å være med på å skaffe voksne bøssebærere til den dagen. Om du kunne tenke deg en slik oppgave, vil kirkekontorene kunne formidle kontakt.

Misjonsfest

7. oktober

Søndag 7. oktober kl. 17.00 vert det misjonsfest i Arna bedehus. Det er misjonsforeiningane i Ådnemarka, Indre Arna og Garnes som inviterer til fest. Misjonær Åshild Bjørkum Furukava talar. Song av Arna Kyrkjes Barnekor. Musikk. Servering. Misjonsoffer. Folk frå begge kyrkjelydande er hjarteleg velkomne til denne festen.

**Helgestasjonen i
Indre Arna
Kommunehuset
Indre Arna**

**Svangerskapskontroll
vlege og jordmor**

Telefon 24 07 00
Kontortid: Hver onsdag.

Lege i Arna:

Lege
Frøyd Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleiveland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna**

**ESPELAND
GARTNERI**

Telefon 24 08 09
**Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi**

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN
VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP



**Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler**

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

**Velkommen til vår
bensinstasjon!**

Arnatveit Auto Senter

**J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40**





Velkommen til kyrkje

- 7/10 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Arna kyrkjekor. Eldre er spesielt inviterte. Takkoffer til Norges kristelige Student- og Skoleungd.lag. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. 50-årskonfirmanter. Takkoffer til Santalmisjonen. Ytre Arna kyrkjekor.
- 14/10 Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste. Sokneprest Øy. Ungdomskoret «Guide».
- 21/10 Arna kl. 11.00 Akademilektor Sigurd Vengen. Nattverd. Takkoffer til Norsk lærerakademi. Kyrkjekaffi. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy og konsulent Ola Hoff Kaldestad.
Nattverd. Takkoffer til Norsk lærerakademi.
Trengereid kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Hausttakkegudst. Skuleborn tek del.
Takkoffer til Institutt for kristen oppsæding.
- 28/10 Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste ved sokneprest Øy. 1. KLASSINGAR SPESIELT INVITERTE. Arna kyrkjes barnekor. Takkoffer til kyrkjelyds-huset.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø og gen.sekr. Halfdan Bondevik. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til Sjømannsmisjonen. Kyrkjekaffi.
- 4/11 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Takvam kapell.
Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
Takvam kl. 16.00 Res.kap. Sundsbø.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret **Indre Arna, Borgstova**: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
Kyrkjekontoret **Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39**: Tlf. 24 85 46.
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Åse Iversen
Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.
Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.
Bladpengar: kr. 25,-.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 9: 15. okt.